



Felleskontoret for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk

Kulturmiljøplan for Lom kommune

Planprogram

Vedteke av formannskapet i Lom 23.04.2024, sak 2024/27




Foto: Jon Gunnar Rust, Norsk fjellmuseum, Gudbrandsdalsmusea AS

Innleiing

I samsvar med gjeldande planstrategi for Lom kommune skal det utarbeidast ein kulturminne-/kulturmiljøplan for Lom kommune. Også i kommuneplanens samfunnsdel, delmål 6.8 går det fram at: "Kommunen skal legge til rette for gode arenaer for kultur og kulturformidling, og bidra til å forvalte og formidle den lokale kulturarven." Det går vidare fram av gjeldande planstrategi at arbeidet skal gjennomførast som ein *temaplan*, dvs. ikkje som ein plan med heimel etter plan- og bygningslova. For å sikre at planarbeidet har god politisk forankring finn kommunedirektøren det likevel tenleg å utarbeide eit planprogram som skal vere styrande for planarbeidet. Planprogrammet er sendt på høyring lokalt og til regionale planmyndigheiter (kulturarveininga i Innlandet fylkeskommune).

Planprogrammet skal:

- Gje ei skildring av formålet med planarbeidet
- Gjere greie for planarbeidets avgrensing og overordna premiss
- Gjere greie for aktuelle tema og aktuelle delutgreiingar
- Gjere greie for tiltak for informasjon og medverknad
- Innehalde ein framdriftsplan for planarbeidet

Planprogrammet skal være tilpassa omfanget og nivået på arbeidet. Kommunen er ansvarleg for endeleg behandling og godkjenning av planprogrammet.

Kulturmiljø:

Område der kulturminne inngår som del av ein større samanheng eller heilskap.

Formål med planarbeidet

Arbeidet med ein kulturmiljøplan for Lom kommune skal gje auka oversikt og innblikk i kulturminna og kulturmiljøa vi har i kommunen, og skal gjennom synleggjering og formidling skape forståing for verdien av ei berekraftig forvaltning av kulturminna. Planen bør ha hovudfokus på dei kulturminne og -miljø som er typiske og særprega for kommunen og distriktet. Planen skal vere eit verktøy i kommunal saksbehandling for å sikre ei god og langsiktig forvaltning av kulturminna og -miljøa våre.

Hovudmål for planarbeidet:

- **Styrke kulturminnevernet i Lom kommune**
- **Skape eit grunnlag for at eit breitt utval av kulturminne og -miljø som er representative for Lom kommune sin historie og utvikling kan bli verna for framtidige generasjonar.**
- **Styrke formidling og synleggjering kulturminna og -miljøa i Lom, og på den måten auke identitetskjensla for Lom sin historie.**
- **Utvikle verktøy for forvaltning og saksbehandling som også inneheld verdivurdering og prioritering av kulturminna og -miljøa innanfor dei tema som blir omfatta av planarbeidet.**

Avgrensing av tema for planarbeidet

Lom er ein kommune med svært mange kulturminne, som spenner over eit stort spekter når det gjeld typar/ kategoriar og tidsepokar. Eit planarbeid som skal omfatte alle eller dei fleste kategoriar med kulturminne vil bli svært omfattande og ressurskrevjande.

I fjellet har vi svært mange kulturminne og kulturmiljø knytt til fangst og jakt på villrein – her finst det relativt gode registreringar/ dokumentasjon, sjølv om dette heilt klart ikkje er fullstendig. Dei aller fleste av desse kulturminna er eldre enn 1537 og dermed automatisk freda etter kulturminnelova §§ 3 og 4. Som kjent har det sidan omlag 2010 blitt gjennomført eit omfattande arbeid for registrering og sikring av gjenstandar som smeltar fram frå fonner i høgfjellet i Nord-Gudbrandsdalen. Arbeidet skjer i regi av Innlandet fylkeskommune i samarbeid med Kulturhistorisk museum og Norsk fjellsenter.

I tillegg til jakt- og fangstminne i høgfjellet finst det mange fangstgraver for elg i skogsterreng/ dalføra, og det finst svært mange kulturminne og kulturmiljø knytt til jernutvinning (kolgroper, slagghaugar, rester av blæsteromnar). Også desse kulturminna er normalt eldre enn 1537 og dermed automatisk freda. Mange, men ikkje alle, er registrert og dokumentert i *Askeladden*.

Når det gjeld bygningsvern så finst det 59 forskrifts- og vedtaksfreda bygningar i Lom, blant desse seks heile gardsanlegg/tun. I tillegg er det ca. 1550 SEFRAK-registrerte bygg i kommunen, dvs. bygningar eldre enn ca år 1900 (SEFRAK = Sekretariatet for registrering av faste kulturminner). SEFRAK-registrering medfører ikkje nokon formell vernestatus, men for bygningar eldre enn 1850 er det lovfesta i Kulturminnelova § 25 at riving eller vesentleg endring av bygningen krev godkjenning frå kommunen etter høyring av fylkeskommunen som kulturminnemyndigheit.

Kulturminne som er nyare enn 1537 er ikkje automatisk freda (men kan vere freda ved enkeltvedtak etter kulturminnelova). Desse nyare kulturminna ligg under kommunalt ansvar og forvaltning, og det er oftast kommunen som må ta stilling verneverdi og kva som er nødvendige tiltak for å ta vare på nyare tids kulturminne for framtidige generasjonar. **I det følgjande er det det lagt til grunn at det er kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid som skal prioriterast i arbeidet med kulturminneplanen.**

Lom kommune fekk midlar frå fylkeskommunen/ Riksantikvaren i 2015 for styrking av kommunal kulturminnekompetanse. Kommunen la da til grunn for søknaden at kulturminne frå nyare tid skulle prioriterast. Det vart gjort eit førebels utval/prioritering blant denne kategorien kulturminne:

Kulturminne knytt til kunstig vatning og vassvegar

Lom kommune har, saman med dei andre Ottadalskommunane, eit spesielt ansvar for registrering og sikring av kulturminne knytt til kunstig vatning og vassvegar. Boka Vassvegar i Lom (Svestad og Kolden 1996) tek for seg 58 "vassvegar" med samla lengde over 200 km. I tillegg finst det fleire titals teppingar, dvs. oppdemde vatn og tjørner, knytt til vassvegane. Det finst også buer i fjellet knytt til tilsyn av teppingane.

Mange vassvegar og anlegg er framleis i bruk, og har ein viktig funksjon for å forsyne gardar og grender med vatningsvatn. Andre har ikkje hatt vassføring på fleire generasjonar.

Registreringane frå 1990-talet er på handteikna kart som ikkje let seg digitalisere, og kommunen har starta opp eit arbeid med å kartfeste vassvegane, delvis ut frå laserdata, delvis ut frå GPS-registreringar i felt. Det er utarbeidd ei oversikt over kva for vassvegar/strekningar som ligg inne i

kartgrunnlaget frå før, og kva som krev nyregistrering - enten med utgangspunkt i flybiletelaserdata, eller med innmåling ute i terrenget. Det står framleis att ein del registrerings- og innmålingsarbeid.

Vidare må ein gjennom arbeidet med kulturminneplanen gjennomføre ei vurdering av tilstand og verneverdi for dei ulike anlegga. Planen bør innehalde ei oversikt av kva for vassvegar/-strekningar og damanlegg som bør prioriterast høgast når det gjeld nødvendige tiltak for bevaring.

Stigar og vegfar

Feltregistrering av gamle stigar og vegfar vart gjennomført i 2015, med noko supplering i 2016. Arbeidet vart utført av medarbeidarar knytt til Norsk fjellmuseum (Norsk fjellsenter) på oppdrag frå kommunen. 26 vegfar/ strekningar vart dokumentert og registrert med GPS.

Spesielt for denne kategorien kulturminne er at vegfar og stigar kan ha stor verdi for friluftslivet ved å vere ein motivasjonsfaktor for turar og fysisk aktivitet, og dermed vere eit viktig folkehelseelement.

Gjennom arbeidet med kulturminneplanen må det gjennomførast ei vurdering av tilstand og verneverdi for dei ulike vegfara. Planen bør innehalde ei oversikt av kva for stigar og vegfar som bør prioriterast høgast når det gjeld nødvendige tiltak for bevaring for ettertida.

Seterbygningar

SEFRAK-registreringane (sjå ovanfor) vart gjennomført i perioden 1975-95, og er klart mangelfulle. I Lom er dette tilfelle først og fremst på setrene - på mange seterstular er det ingen SEFRAK-registrerte bygningar, t.d. i Sålell, Foss, Smådalen og Smørli, og berre 2 registreringar i heile Finndalen. Derimot er det ei rekkje SEFRAK-registrerte bygg på setrene ved Tesse, på Eklesetre, Liasetre, Hovde og i Visdalen. På oppdrag frå kommunen gjennomførte Gudbrandsdalsmusea i 2015 og 2016 ei registrering av verneverdi og tilstand for bygningsmassen på setrene i Finndalen, i Sålell, Foss, Smådalen og Smørli på sørsida av hovuddalføret og på Netoseter i Bøverdalen. Det vart registrert totalt 178 bygningar på desse seterstulane, medrekna ruinar/ forfalne hus.

I arbeidet med kulturmiljøplanen bør resultata frå dei gjennomførte registreringane samanstillast med tidlegare SEFRAK-registreringar for dei andre seterstulane. Ei slik samla oversikt for bygningane på seterstulane vil vere eit nyttig verktøy for bygningsforvaltning og kommunal saksbehandling.

Kommunedirektøren si vurdering er at utvalet av tema slik det går fram ovanfor framleis er relevant, og foreslår at det vidare arbeidet med kulturmiljøplanen har fokus på det same utvalet av tema.

Planen bør likevel innehalde ei oversikt over dei ulike kategoriar av kulturminne som finst i Lom – også eldre kulturminne frå før 1537 (automatisk freda kulturminne).

Organisering og medverknad

Kommunedirektøren vil ha hovudansvaret for gjennomføring av planarbeidet. Ei referansegruppe som består av saksbehandlar plan og miljø, tenesteleiar plan, byggesak og miljø og ein representant utnemnd av Lom heimbygdslag vil ha møter med jamne mellomrom for å kome med innspel i arbeidet med planforslaget.

I tillegg er det aktuelt å innhente bistand frå ressurspersonar undervegs i prosessen, m.a. frå Gudbrandsdalsmusea, Norsk fjellsenter og Visit Jotunheimen.

Det vil bli arrangert eit ope informasjons- og innspelsmøte tidleg i arbeidet med planforslaget, etter at planprogrammet er vedteke.

Politisk behandling av planprogram og behandling av planforslag før høyring vil skje i formannskapet.
Sluttbehandling og endeleg vedtak av kulturmiljøplanen skjer i kommunestyret.

Framdriftsplan:	2024										
	jan.	feb.	mars	apr.	mai	juni- juli	aug.	sept.	okt.	nov.	des.
1. behandling og høyring av planprogram											
Vedtak av planprogram											
Utarbeide planforslag											
Ope møte om planarbeidet											
Feltregistrering											
1. behandling og høyring av planforslag											
Endeleg behandling/ vedtak											

Det er lagt til grunn for framdriftsplanen at kulturmiljøplanen skal ferdigstillast i løpet av 2024.

Vedlegg:

1. Oversikt over vassvegar i Lom
2. Oversikt over registrerte gamle vegfar i Lom
3. Samletabell registrerte seterbygningar på seterstulane i Finndalen, Sålell, Foss, Smådalen, Smørli og på Netoseter

Vedlegg 1

Vassvegar i Lom

Oversikt med utgangspunkt i "Vassvegar i Lom" av Kolden og Svestad (1996):

Vassveg	Lengd		Lengd
Namn i følge Svestad/ Kolden	km	Namn i følge Svestad/ Kolden	km
Eilevsåe - Smådalsetrene	?	Vittingsvassvegen	4,6
Sylva - Nåvårsetra	2	Hågågrove – Søre Øy	2
Erløken - Nordsetra	2,1	Ofigsbøvassvegen	1,2
Rundhovden - Kleppdalssetrene	1,8	Vågåarmoene - Løkøye	1,1
Sørhovde	5	Vassveg i Ofigsbømoen	1
Flåsætre/ Vågåarsætre	1,75	Elvevatnet	4,3
Nerhovde	1,3	Bøvre v/ Gutubø/ Aukrust - Andvord	3,5
Gokra - Visdalssetrene	3,7	Bordvassvegen	11
Byrvassvegen	2,1	Søre Bord - Gutubø	4
Flatdammen – Me - Byre	1,5	Vassdalen - Vetløygarden	1,9
Kleppdalen - Sagrusten	1,9	Uppigard Sulheim	6
Sagflaten - Garmosgardane	3,9	Hoft/Røysheim og S. Gaupar/ N. Sulheim	5
Eklesætre – Frisvoll – Søre Ekle	3,9	Vassvegar til Berjem	0,6
Kyreggen – Nørdre Ekle	3,1	Glåma - Engjehaugen	1,5
Laingsåe	2	Glåma - Glømsdalsvetløygard	0,6
Vulu v/Ekle – Frisvoll - Odde	3,2	Glåma – Glåma - Kleivslette	1,4
Vulu - vassvegar i Moagrende	3,5	Visa - Øyjordet	1
Vulu - Graffershaugen – Sygard Brimi	4	Lauva - Brimisletten	4,5
Vulu - Graffer – S. Råsbakken - Kollane	3,8	Nyvatnet: Galdbygda og Slålien	14
Nordstrondvassvegen	20	Skamsdalsvassvegen	3,6
Sørstrondvassvegen	6,5	Brustugu – Nyhus - Vollen	0,6
Glennvassvegen	2,5	Kvandalsvoll	2,2
Ausvassvegen	4,7	Runningje - Åkerjordet	0,5
Øvre og nedre Teppingje - Nyrnes	4,8	Runningje – Storøygard/Nyjordet	1,0
N. Rundhaugtjønn (Vikateppingje) - Viken	3,5	Stula - Flækken	2,0
Nørdre Grøna - Vamseter	4	Vassvegar til Slette, Nyjordet og Uttafor	1,4
Søre Storteppingje (Gaukstadteppingje)	4,8	Vesljuva – Grove (- Heggeruste)	0,3
Martinvassvegen	2,5	Vesljuva - Storhaugen	0,4
Åsteppingje	6,5	Leira - Åmot	1,2
Vassveg til Grjotheimskollen	3,5	Leira – Elvesæter - Brenna	3,5
Vassvegar i Staurrustgrenda	9	Nibbetjønn - Vesllie	1
Grjotheimsgrove	1,9	Nibbetjønn - Bjøynnalet	1
Sandåe - Synstnes	4,5	sum	88
sum	129		
Samla lengde: 217 km			

Vedlegg 2

Registrerte gamle vegfar i Lom

Registreringar utført 2015-16 av Norsk fjellmuseum på oppdrag frå Lom kommune:

1. Barlundlykkja
2. Frisvoll – Enersvoll
3. Bjørgen (Lom) – Lauvmo (Vågå)
4. Gamle Bøverdalsvegen over Gammel-Gaidde
5. Gamle Bøverdalsvegen - Gamelsvåe
6. Gammel-Gadde
7. Garmosøygard – Veslsætre - Grønsætra
8. Grasdalsmoen - Liasætrane
9. Grjotheim – Grjotheimsætra
10. Grøna – Grønbakken – Grønsetra
11. Mytingsvegen
12. Nedre Viki – Liasætra
13. Norgard Kvamme – Åmillom
14. Nyrnes – Grønsætra
15. Nørdre Bjørgen – Svartholet
16. Nørdre Lia – Liasætra
17. Odda skule – Rennarsletta
18. Storlie Søre og Nedre – Leirlie
19. Sør-Byre – Bjørgebakkan
20. Nedafor Sygard Aukrust, Solsidevegen
21. Meadalen
22. Gamle Rådsbakken
23. Gamle Bøverdalsvegen, Sulheim – Gaupar
24. Havyrjuvegen
25. Stavåsen – Staurust
26. Graffer – Glømsdal

Vedlegg 3

Registrerte seterbygningar

Registrering gjennomført 2015-16 av Gudbrandsdalsmusea på oppdrag frå Lom kommune:

	Hustype							
Område	Seterstugu	Hytte	Låve	Løe	Fjøs	Utedo	Aurbu/ kokhus	Kombinert sel, kok og fjøs
Neto og Hovde	14	12	4	12	9	0	0	2
Sålell	5	13	0	3	4	2	3	0
Smådalssætren	4	0	0	4	4	0	2	0
Foss	6	3	0	5	4	4	0	0
Smørlii	3	7	1	0	3	0	0	0
Finndalen	16	3	3	8	15	0	0	0
Total	48	38	8	32	39	6	5	2

Totalt er det registrert 178 seterbygningar på desse seterstulane, medrekna ruinar/ forfalne hus.